Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøke ressursbruken i helse og omsorg i Vindafjord kommune, samt å undersøke i kva grad det er etablert system for å følgje opp økonomien i helse- og omsorgstenestene gjennom året.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstilling som vil bli undersøkt:

- 1. Kva område er det som har ført til auka ressursbruk og kva kan forklare utviklinga?*
- 2. I kva grad er det etablert system for å sikre økonomisk rapportering på og oppdatering av økonomiske prognosar for helse- og omsorgstenestene gjennom året?*

## 2. Revisjonskriterier

### 2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

### 2.2 Krav i lov og forskrift

#### 2.2.1 Krav til realistisk budsjettering og budsjettstyring

Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid.<sup>1</sup>

Krav til utforming av økonomiplan og årsbudsjett for kommunen går fram av kommunelova kap. 14. I § 14-4 tredje ledd står det at økonomiplanen og årsbudsjett skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktelege.<sup>2</sup>

Etter §14-5 andre ledd skal kommunestyret endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lova sitt krav om realisme og balanse. Vidare går det fram av tredje ledd i same paragraf at kommunedirektøren minst to gonger i året skal rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter opp mot budsjettet. Dersom utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal kommunedirektøren føreslå endringar i budsjettet.

Vidare skal all bruk av midlar i årsbudsjettet ha dekning i årets tilgang på midlar.<sup>3</sup>

### 2.3 Kommunale styringsdokumenter og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

---

<sup>1</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 14-1 første ledd.

<sup>2</sup> Kommunelova

<sup>3</sup> Kommunelova § 14-10 første ledd.

## 3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

### 3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

### 3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalte leiarar i helse og omsorgstenesta som har budsjett- og økonomiansvar. Vi tar sikte på å gjennomføre tre-fire intervju. Med omsyn til timeramma i prosjektet må intervju sannsynlegvis gjennomførast som telefonintervju.

### 3.3 Verifisering og høring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervju for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

## 4. Tid og ressursbruk

### 4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Ingrid Kalsnes og Iver Fiksdal (manager). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

### 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 100 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

### 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere juni 2020 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan 20. oktober 2020. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Vindafjord kommune og Deloitte.

Bergen, 14. mai 2020



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

# Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies: Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides audit, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services to public and private clients spanning multiple industries. Deloitte serves four out of five Fortune Global 500® companies through a globally connected network of member firms in more than 150 countries and territories bringing world-class capabilities, insights, and high-quality service to **address clients' most complex business challenges**. To learn more about how Deloitte's approximately 245,000 professionals make an impact that matters, please connect with us on Facebook, LinkedIn, or Twitter.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	27.05.20	09/20
Formannskapet	09.06.20	
Kommunestyret	22.06.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

## VINDAFJORD KOMMUNE - UTTALE TIL REKNESKAPEN FOR 2019

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtek uttale til årsrekneskapen 2019 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegga).

### Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2019
2. Revisjonsmelding for 2019 frå Deloitte AS, dagsett 04.05.20
3. Revisjonsrapport – brev nr. 5 frå Deloitte AS
4. Rekneskap 2019 (eige hefte)
5. Årsmelding 2019 (eige hefte)

### Innleiing

Vedlagt følgjer Vindafjord kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2019 (vedlegg 4 og 5), signert revisjonsmelding og revisjonsrapport frå Deloitte AS (vedlegg 2 og 3) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil også rådmann og økonomisjef delta under handsaminga av saka.

### Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 (ny i 2019) at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

*«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».*

Rekneskapen må difor fyrst leggjast fram for kontrollutvalet før det vert handsama i formannskapet. Kontrollutvalet skal i tillegg etter same forskrift sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast 15. april i følge § 24-8, men i år har Stortinget for å avhjelpe konsekvensane av utbrotet av Covid-19 vedtatt ei midlertidig lov om unntak frå kommunelova, IKS-lova og partilova den 14.04.20. Av fleire tiltak kan her nemnast § 6:

#### **§ 6 Frister for regnskapsrevisor og vedtak om årsregnskap og årsberetning**

*Regnskapsrevisor skal senest 15. juni 2020 avgi revisjonsberetning til årsregnskapene og årsberetningene for 2019.*

*Årsregnskapene og årsberetningene for 2019 skal vedtas senest 15. september 2020.*

*Regnskapsrevisor skal senest 15. september 2020 avgi en skriftlig uttalelse om resultatet av den forenklede etterlevelseskontrollen etter kommuneloven § 24-9.*

Administrasjonen har levert årsregnskapet og årsmelding (frist 31. mars), og revisor har levert revisjonsmelding.

#### **Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale**

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Vindafjord kommune sitt avlagde årsregnskap for 2019 og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen sin årsrapport.

#### **Årsregnskapen**

Regnskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på minus 3,5 mill. kr.

**Netto driftsresultat** er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på 11,9 mill. kr mot revidert budsjett på 2,4 mill. kr. Det utgjør 1,5 %, som er litt under anbefalt nivå på 1,75 %. I fjor var resultatet 1,9 %.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som et mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk berekningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på rundt 1,75 prosent.

Sum utgifter i investeringsregnskapen i 2019 er på 120,9 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 92,1 mill. kr. Investeringsregnskapen er gjort opp i balanse.

**Totalt sett er regnskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 1,8 mill.**



**Landet generelt**

KOSTRA-tala frå SSB viser eit samla netto driftsresultat på 1,7 % i 2019. Det er ein nedgang frå 2018. Teknisk beregningsutvalg (TBU), kor Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi.

Ifølge tala frå SSB, har landet utanom Oslo netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter på 1,2 % i 2019, mot 2,2 % i 2018. Både KOSTRA-tall og rekneskapsundersøkinga til KS viste/viser at spreinga i netto driftsresultat er stor.

Kommunane som hadde/har høgast netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter var: Aukra (26,9 %), Hjartdal (16,3), Vevelstad (12,5), Bykle (11,3), Lurøy (9,8), Suldal (9,7), Åseral (8,6), Forsand (7,9), Beiarn (7,9) og Bokn (7,8).

178 av 405 kommunar hadde/har negativt netto driftsresultat i følgje KOSTRA-talene. På botn av oversikta er kommunane:

Torsken (-21,5 %), Ibestad (-13,0), Berg (-11,3), Snillfjord (-11,3), Audnedal (-10,8), Tranøy (-10,6), Leikanger (-10,2), Hobøl (-9,5), Halså (-8,1) og Moskenes (-8,0).

Mange av dei mindre og mellomstore kommunane er dei som strever. Kommunane med 5.000-10.000 innbyggjarar hadde svakast resultat. Driftsutgiftene for 3 år på rad auka meir enn driftsinntektene. Dette, saman med nedgang i inntekter frå havbruksfondet i 2019, er dei viktigaste årsaka til nedgangen i netto driftsresultat frå 2018 til 2019.

Driftsutgiftene innan pleie- og omsorg er det som trekk opp veksten i kommunane: ei auke på meir enn 3 milliardar kroner utover lønns- og prisvekst og dermed langt meir enn befolkningsutviklinga skulle tilsei. Resultatnedgangen dempast likevel noko av at netto finansutgifter blei redusert frå 2018 til 2019. Dette har samanheng med auka avkastning på finansielle instrument og auka utbytteinntekter som meir enn oppveide auka i utgiftene til avdrag.

Årets resultat på 1,5 % for Vindafjord kommune er litt under resultatet i fjor (1,9 %), og litt under landssnittet på 1,7 %. Kommunane på Haugaland sine resultat varierer mellom 1,2 % og 9,7 %.

**Notar**

For at rekneskapa skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapa blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapa dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapa.

**Årsmelding**

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding/-rapport som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapa og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje kommunelova § 14-7 vere klar seinast 31. mars. Den skal gjere greie for følgjande:

- a) forhold som er viktige for å bedømme **den økonomiske utviklingen** og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,
- b) vesentlige beløpsmessige **avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet**, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,
- c) virksomhetens **måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning** for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å **sikre en høy etisk standard**,
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder **kjønnslikestilling**,
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle **arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26**.

Årsrapporten gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentar om økonomien:

*2019 var eit utfordrande år for Vindafjord Kommune. Undervegs i året såg ein fleire rammeområder som hadde eit større meirforbruk mot budsjett, og det vart gjennomført fleire administrative innsparingstiltak, mellom anna innkjøpskontroll og tilsetjingskontroll. I løpet av siste halvdel av 2019 såg ein noko resultat av desse tiltaka, men tiltaka har samstundes medført at ein del det aktivitet har vore på eit lågare nivå enn det som var ønskelig.*

*Vidare var det til politisk handsaming ei sak om innsparingar i kommunestyret i september 2019. Sjølv om rekneskapen samla sett kom ut med eit positivt økonomisk resultat, skuldast dette i hovudsak særdeles høg skatteinngang, ekstraordinært stort utbytte frå Haugaland Kraft og utbetaling frå Havbruksfondet.*

*Den underliggande drifta viste eit større meirforbruk samanlikna med budsjett, og på sikt er ikkje ei slik drift å rekne som berekraftig.*

### **Generelt om innhaldet i ei revisormelding**

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrevet/revisjonsrapport kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han/ho finner grunnlag for å kommentere desse. Rådmannen skal då ha høve til å gje sin uttale.

**Revisor si revisjonsmelding**

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding dagsett 4. mai. Revisor har avlagt så kalla rein melding eller standardberetning, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkludera med at:

*Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.*

Revisor har i tillegg til meldinga, også komme med ei revisjonsrapport (brev nr 5). Ho vil orientere om innhaldet og kunne svare på spørsmål i møtet. I revisjonsrapporten skriver revisor mellom anna:

**Disponering**

*Økonomiforskrifta § 4-1 gjer retningsliner for avslutning av rekneskapen: «Ved avslutningen av regnskapet skal bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond, overføring fra drift til investering og dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp rekneskapsføres i samsvar med budsjettet.»*

*Rekneskapsavslutninga viser avvik mellom budsjett og rekneskap når det gjeld avsetning og bruk av disposisjonsfond og overføring til investeringsrekneskapen. Revisjonen oppmoder om at rekneskapen blir gjort opp i tråd med regelverk og politisk vedtatt budsjett.*

**Årsmelding**

*Kommuneloven § 48-5 inneholder krav om opplysninger i årsmeldinga om kommunens internkontroll og kommunens tilstand når det gjeld likestilling. Årsmeldinga til Vindafjord kommune inneheld lite informasjon om desse punkta. Vi vil igjen oppmode kommunen å vurdere om innhaldet i årsmeldinga dekker informasjonskravet.*

Meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av kommunelova § 24-7. Kontrollutvalet skal vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i revisjonsrapporten eller noko anna revisjonen tar opp i møtet.

Sekretariatet meiner ut frå det tilsendte ikkje at det er naudsynt. Rådmann og økonomisjef vil i kontrollutvalsmøtet gje ei nærmare gjennomgang om kva som ligg bak årets resultat.

**Forenkla etterlevingskontroll**

Revisor skal – i tråd med ny kommunelov § 24-9, i tillegg sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning i hovudsak går føre seg i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggest fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til rådmannen, om resultatet av denne kontrollen. Denne vil bli sendt til kontrollutvalet til hausten.

**Kontrollutvalet sin uttale**

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

Aksdal, 20.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*

## Til kommunestyret i Vindafjord

### Kontrollutvalet sin uttale om Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019

#### Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 27.05.20, sak 9/20 handsama Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

#### Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjerdsbrev og rådmannen sin årsmelding. I tillegg har revisor, rådmann og økonomisjefen supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

#### Kontrollutvalet sin uttale:

*Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 1,8 millionar kroner.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 11,9 millionar kr. Det utgjør 1,5%, som er litt lågare enn i fjor, og litt under tilrådd nivå på 1,75%.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2019.*

Ølen, 27.05.20

Kristian H. Rasset  
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Vindafjord kommune

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vindafjord kommune som viser kr 567 230 855 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 785 694. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn

naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønns og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenable som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

##### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Haugesund, 4. mai 2020  
Deloitte AS



**Else Holst-Larsen**  
statsautorisert revisor

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Administrasjonssjefen/  
Kommunestyret



Vindafjord Kommune  
Att.: Kontrollutvalget  
Rådhuset

Rådhusplassen 1  
5580 Ølen

## Revisjonsrapport nr.5 (journalføres)

29. april 2020

### REVISJONSRAPPORT 2019

#### Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019, og vil nytt høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

#### Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

### Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2019. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

### Disponering

Økonomiforskrifta § 4-1 gjer retningsliner for avslutning av rekneskapen: «Ved avslutningen av regnskapet skal bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond, overføring fra drift til investering og dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp regnskapsføres i samsvar med budsjettet.»

Rekneskapsavslutninga viser avvik mellom budsjett og rekneskap når det gjeld avseting og bruk av disposisjonsfond og overføring til investeringsrekneskapen. Revisjonen oppmoder om at rekneskapen blir gjort opp i tråd med regelverk og politisk vedtatt budsjett.

### Årsmelding

Kommuneloven § 48-5 inneholder krav om opplysninger i årsmeldinga om kommunens internkontroll og kommunens tilstand når det gjeld likestilling. Årsmeldinga til Vindafjord kommune inneheld lite informasjon om desse punkta. Vi vil igjen oppmode kommunen å vurdere om innhaldet i årsmeldinga dekker informasjonskravet.

### Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing  
Deloitte AS

Else Holst-Larsen  
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	20.11.19	19/19
Kontrollutvalet	27.05.20	<b>10/20</b>
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Odd Gunnar Høie	033	

## REVIDERT MØTEPLAN FOR 2020

### Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande reviderte møteplan for 2020:

onsdag: 06.05, 27.05, (17.06), 09.09, 04.11, – kl. 15.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

### Bakgrunn:

I møtet 20.11.19, sak 19/19 vedtok Vindafjord kontrollutval følgjande møteplan for 2020:

*Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2020:*

*onsdag: 18.03, 06.05, 09.09 og 04.11 – kl. 15.00*

*Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.*

Utvalsleiar skreiv i e-post til sekretariatet 08.05.20 at han ønskjer at utvalet tek møteplanen opp til revidering i dette møtet med følgjande grunngjeving:

*«ønsker m.a. å diskutere om vi tar eit junimøte for å koma heilt i mål med saklista før sommaren eller om utvalet ønsker at vi venter til september, samt litt evaluering på møtelengde no når vi har hatt møter - hyppigare, kortare vs. lengre møter med lengre mellomrom»*

Møteplanen i haust blei satt opp med utgangspunkt i tidlegare møtefrekvens (4 møter pr. år). Dersom det vert trong for det, kan det også kallast inn til ekstramøte. Det er opp til utvalet å bestemma møtedag og tidspunkt. Framlegget blei satt opp med utgangspunkt i tidligare praksis med fast møtedag på onsdagar, kl. 15.00.

På grunn av Koronasituasjonen blei møtet i mars avlyst. Møtet 06.05 blei halde som planlagt og det er satt opp eit nytt møte i dag 27.05.20. Det kan kallast inn til eit møte juni dersom utvalet ønskjer det. Med 17.06 som ein mogleg dato. Aktuelle saker vil vere: oppdatering av utvalet sitt reglement, plan for orienteringar frå einingane og samhandlinga mellom medlemmene i utvalet.

Aksdal, 20.05.20

Odd Gunnar Høie  
*Seniorrådgjevar/utvalssekretær*